



Byggmester Bjørn Rune Kvinge

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2520 - 18/33766

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

08.11.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 139/102 Tveiten nedre


Tiltak: garasje
Byggjestad: Gbnr: 139/102 Skarsvegen 118
Tiltakshavar: Håkon Flatås Haugland
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.09.2018. Vi beklagar sein attendemelding i saka.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkast om dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av ny avkøyrsløse frå eigedommen. Det er regulert inn ein avkøyrsløse til eigedommen og tiltaket medfører at det skal etablerast ny separat avkøyrsløse frå eigedommen.



2. Tiltaket krev at det vert søkt om gitt dispensasjon frå krav om detaljregulering, jf. pkt. 2.1.1 i reguleringsføresegnene. (vedlagt)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



3. Ifølge svar på nabovarsling frå Statens vegvesen kan tiltaket krevje løyve til utvida bruk av avkøyrslø til fylkesveg. Tiltaket gjeld etablering av ny avkøyrslø på eksisterande eigedom og spørsmålet om utvida bruk er førebels uavklart slik vi les brev frå Statens vegvesen. Ved søknad om dispensasjon for etablering av ny avkøyrslø vil kommunen sende saka på høyring til vegvesenet og avklare om det må fattast vedtak om utvida bruk av avkøyrslø til fylkesveg.
4. Etter kommunen sine kart vil tiltaket komme i konflikt med både private og kommunale leidningar. Ved nærare plassering enn 4 meter må det ligga føre dispensasjon frå VA avdelinga. Sjå kartutsnitt.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.01.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Vi har vurdert at søknaden var vesentleg mangelfull ved innsending og at sakshandsamingsfrist ikkje gjeld før søknad vert supplert med manglande dokumentasjon. På grunn av sein mottakskontroll vil saka imidlertid bli prioritert når vi har motteke komplett søknad.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner Kvamsvågen 29.06.2011
Kvamsvagen

Kopi til:

Håkon Flatås Haugland	Skarsvegen 118	5911	ALVERSUND
Håkon Flatås Haugland	Skarsvegen 118	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge			
Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	Kvingebakkevegen	5981	MASFJORDNES
	97		